

Kompetanse og tryggleik





Allsidig kompetanse – større tryggleik

Lom og Skjåk brannvesen har som oppgåve å beskytte og redde liv, eiendom og miljø i kommunane våre. Brannvesenet er kommunanes viktigaste verktøy for tryggleik og beredskap. Vårt mål er å skape tryggleik og bidra til auka kunnskap om førebyggjande tiltak – både i heimane og på arbeid samt i samfunnet elles.

Lom og Skjåk brannvesen har eit god skolert mannskap og moderne materiell og er klare til å rykke ut når menneske og samfunn treng oss.

Vi er der, når du treng oss mest!


Beredskap

Lom og Skjåk brannvesen er eit kommunalt samarbeidsselskap som vart stifta i 2001. Vi har to brannstasjonar: ein i Lom og ein i Skjåk. Både stasjonane er utstyrt med brannbil, tankbil og redningsbil.

Ved kvar stasjon er 11 deltidsmannskap klare til å rykke ut til alle typar brann- og redningsoppdrag. Mannskapa er også «akutthjelpare», og rykker ut på helseoppdrag, når det er hensiktsmessig.

Brannvesenet har utstyr for tungbilredning.

I 2019 starta brannvesenet opp med overflateredning, og mange av mannskapa er ekstra skolert for slike oppdrag.



Brannførebyggande arbeid

Førebyggande arbeid er grunnsteinen i tryggleiken vår.

Det er viktig at kvar og ein av oss bidreg til å førebygge og hindre ulykker og kriser i samfunnet.

Lom og Skjåk brannvesen har stor fokus på brannvernopplæring til ulike grupper i samfunnet, spesielt barnehagar og skular, men ikkje minst eldre og risikoutsette grupper. I Lom og Skjåk er det utvikla samarbeid med helse-sektoren. Dette prosjektet fekk økonomisk støtte frå Brannløftet, og dette har resultert i blant anna montering av ekstra komfyrvakter og montering av røykdetektorar med direktevarsling til alarmsentralen, for dei som har tryggleiksalarm. Det er også eit mobilt sprinkel-anlegg i kvar kommune, som kan plasserast ut etter behov.

Brannvesenet driv også omfattande kursverksemd og opplæring for næringslivet.

Brannførebyggande arbeid inkluderer også tilsyn av særskilte brannobjekt og feiing og tilsyn med hus og fritidsbustader.

HUGS

- Gå aldri ifrå rom med levande lys
- Fyr riktig - bruk kun tørr ved
- Sjekk røykvarslarar og slökkemiddel
- Gjennomfør regelmessige brannøvingar i heimen
- Avtal møteplass ved evakuering
- Ta ut ladarar når du legg deg



Lom og Skjåk brannvesen

Moavegen 30

2690 Skjåk

Telefon: 612 17000

Ved brann og akutt forureining: **110**

Vakthavande befal: 959 89 944

www.skjaak.kommune.no

lsbrann.blogspot.com

El-Service
Autorisert *El*-installatør
Tlf. 61 21 21 90


coop

Ottadalen

www.coopottadalen.no

Eidsiva 

John Teigum as



John: 975 00 100



Vi er #fjellbanken

Solid. Evig. Livgjevande. Slik er fjellheimen som omgir oss nord i Gudbrandsdalen. Slik er kjerneverdiane våre som bank. Vi er stolte av vårt ansvar og vår arv, og tek aktiv del der gode initiativ og idear dukkar opp.

SpareBank 1 Lom og Skjåk bankar for folk, framtid og fjellbygdene våre.

SpareBank **1**
LOM OG SKJÅK

